



# Land og bruk

Nummer 2 - 2012

April 2012

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, Landbruksavdelinga

Redaktør: Sissel C. Endresen - telefon 51 56 89 60, e-post: sissel.c.endresen@fmro.no

## Nyttig informasjon

### Dialogmøte med folkevalde i kommunane

Fylkesmannen har sendt ut eit brev til alle kommunar Rogaland v/ordførar og rådmann der vi bad om tilbakemelding på om det var ønskje om regionale dialogmøte om landbrukspolitikk og landbruksaker.

Ut frå dei svare vi no har fått har vi konkludert med at vi i første omgang vil prioritere møte i dei enkelte kommunane som har invitert oss konkret.

### Ledige stillingar i Fylkesmannens landbruksavdeling

Det er for tida to ledige stillingar ved landbruksavdelinga:

- Ledig vikariat som rådgivar – jurist
- Ledig fast stilling som seniorrådgivar – næringsutviklar

Søknadsfrist for begge er 30. april 2012

Meir informasjon finn du [her](#)

## Personalendringar

### Permisjon

**Kirsten Smedvig** er innvilga eitt års permisjon frå 1. juni 2012. Ho er frå 1. juni tilsett i Time kommune.

**Trond Olav Fiskå** skal ha "pappapermisjon" i perioden 30. mai – 8. november.

### Slutta

**Geir Skadberg** sluttar i stillinga hjå Fylkesmannen 15. juni 2012. Han er frå 15. juni tilsett i Innovasjon Norge Rogaland.

**Anna Maria Tau Strand Oanes** sluttar i stillinga som 4H-konsulent i Rogaland 4H i juni.

## Arrangementskalender

**15. mai**

### Dialogmøte med tilsette i landbruksforvaltninga i kommunane

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Sissel C. Endresen

**30. mai**

### Ar5 innføring – Trinn 1

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Tonje F. Aase

**31. mai**

### Ar5 ajourføring – Trinn 3

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Tonje F. Aase

**6. juni**

### Økomatkonferansen "Bare det beste er godt nok!"

Stad: Måltidets Hus, Stavanger

Kontaktperson: Annabell Pfluger

**6.-7. juni**

### Seminar, årsmøte og skogutferd på Karmøy

Skogselskapet i Rogaland har sitt årsmøte 6. juni

Kontaktperson: Lars Slåttå

**14. august**

### Samling tilskotsforvaltning

Stad: Statens hus, Stavanger

Kontaktperson: Geir Helge Rygg

**September**

Studietur til Tyskland for å sjå på økologisk matproduksjon. Tema "Frå jord til bord", besøke bedrifter i heile verdikjeda.

Kontaktperson: Annabell Pfluger



## Landbruksdirektørens hjørne



### Det livsviktige, men og så brysame vatnet

v/Hadle Nevøy

Mens store område på kloden vår ikkje kan nyttast til næringsmessig plantedyrking på grunn av manglande tilgang på vatn, er vi blant dei heldige som normalt kan rekne med tilstrekkeleg god balanse mellom sol, regn og varme til å være trygge for årsikker produksjon av viktige mat- og fôrvekstar og av trevirke.

I fjar på denne tida kunne vi glede oss over å ha opplevd ein flott april, mens dei fleste av oss synest at årets utgåve har vore både kjølig og våt. Sidan april ikkje har vore som i fjar, kan vi håpe at heller ikkje resten av året blir likt. Mange vil hugse spesielt hausten 2011 som ein av dei blautaste haustane på lang tid. For mange bønder var det ikkje mogeleg å gjennomføre innhausting til rett tid, noko som førte til avlingstap og kvalitetsreduksjon i dei fleste plante-produksjonane. I tillegg til betydelege avlingstap, blei mykje jordbruksareal utsett for store køyre- og tråkkskadar. Desse skadane vil nok vise igjen også i årets vekstssesong i form av dårligare plantevekst.

Vatnet er vi avhengig av, og reint vatn er eit stort gode. Klimaforskarar verda over meiner at vi i tida framover kan vente oss varmare, våtere og meir ekstreme værtihøve som følgje av globale klimaendringar. Det betyr at vi på mange område i samfunnet må førebu oss på å måtte handtere større og meir konsentrerte vassmengder til ulike tider av året.

I landbruket har vi lang erfaring med å handtere overskotsvatn gjennom systematisk drenering. Kanalar og tilhøyrande grøftesystem vil i enda større grad enn i dag bli sett på prøve dersom nedbøren kjem meir koncentrert i form av større mengd på kortare tid. Då er det viktigare enn nokon gong at grøfter og kanalar er godt opprusta og vedlikehaldne. Samtidig er det viktig at jordstrukturen er så god at overskotsvatnet slepp gjennom jorda og ned i grøftesystemet. Vidare veit vi også at god jordkultur er avgjerdande for gode avlingar og utnytting av plantenæring som er tilført jorda. Dette er jo grunnleggjande lærdom i landbruket, og det burde ikkje vere grunn til å bruke spalteplass og tid til å skrive og minne kvarandre om det som alle veit.


Drenering og jordstruktur har også vore trekt fram i dei konferansane som nå i vår har vore arrangert i regi av dei fem vassområda i fylket, der tiltak for reduksjon

av næringsutslepp frå jordbruksdrift til aktuelle vassførekommstar har vore eit av fleire drøftingstema. Endringar i jordbruket i form av etablering av større driftseiningar, bruk av tyngre traktorar og reiskapar, større del av driftsgrunnlaget på dei aktive brukna som leid areal og ikkje minst stort press for å få arbeid gjort sjølv om ikkje jorda er lageleg, set auka krav til god grøfting. Fleire av deltakarane på konferansane, også frå landbruksnæringa, uttrykte uro over manglande kompetanse om og forståing for samanhengar mellom drenering, jordkultur, plantevekst, næringsopptak, næringsavrenning og klimautslepp. Dette kjem sjølvsagt i tillegg til merksemld på rett bruk av gjødsel, ikkje berre av husdyrgjødsel, der målet må vere å oppnå størst mogeleg grad av næringsbalanse.

Eit av regjeringa sine mål som kjem til uttrykk i Meld. St 9 om landbruks- og matpolitikken er miljømessig berekraftig landbruk. Eit av innsatsområda er å redusere avrenning og næringstap til vatn. Dette har det vore arbeidd lenge med i jordbruket, og etter kvart ser vi tydeleg positive resultat. Arbeidet som er gjort på Jæren gjennom tiltaket Frivillige tiltak i jordbruket, med stor innsats frå Olaf og Olav, har ført til viktig haldningsendring i landbruket. Måten å organisere slikt arbeid på og erfaringane som er hausta frå dette arbeidet, ikkje minst i Skas-Heigre, må gjerne kopierast og overførast til andre område. Her er vi rause og deler gjerne.

Apropos Skas-Heigre, så har delar av dette området sine heilt spesielle utfordringar med handtering av vatn, i og med at vatnet må pumpast ut. I vinter fekk vi sjå korleis området ville sett ut utan pumping, då intern usemjø blant grunneigarane førte til at pumpane blei stansa ein periode. Utbygging og andre tiltak i nedslagsfeltet til Skas-Heigre kanalen har truleg endra den naturlege bufferkapasiteten i nedslagsfeltet. Sumverknaden av meir konsentrert nedbør og mindre naturleg bufferkapasitet fører til større krav til pumpekapasitet for å halde oppe produksjonspotensialet på desse verdfulle jordbruksareaala.

Plantenæring på avvegar heng i stor grad saman med manglande vedlikehald av grøftesystem, jordpakking og därleg jordstruktur. Sjølv om Fylkesmannen ikkje har som oppgåve å drive direkte rettleiing til bøndene, er det likevel lov å peike på kor viktig god jordstruktur er også i miljø- og klimasamanheng. Vi har eit felles ansvar for å "misjonere" for å ta større omsyn til jordstruktur i jordbruket, og at vi gjer det vi kan for å målrette bruken av dei ordningane som vi rår over. For bonden er det mogeleg å oppnå økonomisk gevinst gjennom betre utnytting av plantenæringa som blir tilført og ved større og meir verdfulle avlingar. Det er ikkje alle investeringar som gir så god avkastning som investering i grøfting og andre tiltak for betring av jordstrukturen, så her vil både bonden og miljøet få gevinst.



## Konferanse om økologisk mat 6. juni

Møt menneska bak maten på Måltidets Hus i Stavanger! For tredje år på rad blir det arrangert ein dagskonferanse om økologisk mat på Måltidets Hus i Stavanger.

Innleiarane på konferansen representerer det nære og det kjære, den bærekraftige matproduksjonen, dei korte vegane frå jorda til bordet. Det er dei økologiske bøndene som skaffar oss produkt utan bruk av kjemiske sprøytemiddel eller kunstgjødsel. Det er restaurantane som vel dei beste råvarene frå produsentar dei kjerner. Og dei framtidige kokkane som øver seg på nysgjerrige småskoleelevar.

Som bakteppe blir også strukturane i norsk matomsetning presentert, og forbrukarane sine forsøk på å ta makta tilbake.

- Program til konferansen finn du [her](#)

Konferansen blir arrangert av Fylkesmannen i Rogaland, Økologiprosjektet i Stavanger og Sandnes, Nofima og Oikos Rogaland.

Kontaktperson: Annabell Pluger

## Brosyre som viser salstader for økologisk mat i Rogaland

Oikos Rogaland har gitt ein brosjyre med oversikt over kor ein kan få tak ulike økologiske produkt.

- Last ned brosjyren her




Foto: Sissel C. Endresen

## Viktige landbruksatsingar i Regionalt utviklingsprogram (RUP) 2012

**Dei siste åra er om lag 30 mill kroner tildelt ulike prosjektsøknader gjennom RUP, til prosjekt innanfor folkehelse, kultur, næringsutvikling, stadsutvikling, utdanning og miljø.**

Landbruksnæringa har i alle år vort ein viktig part i dette arbeidet, først og fremst gjennom aktiv deltaking frå Fylkesmannen og Innovasjon Norge.

Rogaland fylkeskommune har, gjennom vedtak i Regional- og kulturutvalet den 29. mars 2012 (sak 17/12), gjort endeleg vedtak om bruk av viktige regionale midler. Vi har delteke med om lag kr 3 mill frå BU v/utviklingsmidla inn i dette spleiselaget.

Vår største løyving var også i år vårt bidrag til VRI mat, der vi har løyvd kr 600 000,-. Her skjer ei positiv utvikling, med Eli M. Serigstad som kompetansemeklar. Det er elles ein del spanande prosjektsatsingar som skjer kring Måltidets hus, der vi deltek med midlar. Eit anna døme er mjølkeprosjektet i Dalane som no går inn i sitt siste driftsår, der vi har opplevd mye positiv omtale. Det er også blitt semje om å spleise på eit prosjekt som skal finansiere ein tredrivar som skal motivere for auka bruk av trevirke innan byggjebransjen, no manglar vi berre "drivaren".

Ut over dei midla som blir løyvde gjennom desse RUP-sakene, er vi no inne i ein aktiv fase med løyving frå utviklingsmidla frå BU. Eit særleg aktuelt døme her er støtte til etablering av Rogaland landbrukspark på Særheim. Vi vil kome med meir informasjon på nettsida om fleire av prosjekta som no får BU-støtte.

## SMIL – generell info og info om Excel-verktøy

I dialog med kommunane er fristen i Rogaland for å gi løyvingar etter SMIL-ordninga sett til 1. november. Dette kan gje ei arbeidsmessig gevinst for forvaltninga, ein kan kvalitetssikre rapporteringa til SLF og ha betre tid til å planlegge satsinga i 2013.

Fylkesmannen har utvikla eit Excel-rekneark som er meint å forenkle administrasjon av SMIL-ordninga både i kommunane og hjå Fylkesmannen. Reknearket kan ved rett bruk, forenkle rapporteringa i oktober og januar samstundes som en får god oversikt over tildelte midlar.

Fylkesmannen har oppmoda kommunane til å revidere eigne 4-årige SMIL-strategiar. Ei auka innsats innan vassforskrifta og biologisk mangfald bør synleggjera godt i dei nye strategiane. I revideringsprosessen blir kommunane oppmoda til ei brei involvering av fleire aktørar som til dømes faglaga i kommunen.

Vi vil her kort nemne viktige emne som bør inkluderast i dei kommunale SMIL-strategiane:

- Fylkesmannen ynskjer generelt å støtte opp om kommunar som set i gang større satsingar innanfor eit tema eller eit geografisk område (som gjerne involverer fleire grunneigarar). Dette fordi større satsingar/fellestiltak som regel gir meir målretta og effektiv bruk av midla. Vi vil også kunne støtte tiltak på tvers av kommunar.

• Tiltak som bidreg til god kopling mellom tilskotsordningane SMIL og RMP, - som til dømes:

- *Forureining og vassforskrifta:* Innanfor tema forureining er reinseparkar det mest aktuelle tiltaket. Fylkesmannen ber kommunane spesielt vere merksame på at desse vert plasserte slik at dei ikkje øydelegg eller kjem i konflikt med eksisterande våtmarker.
- *Tiltak i område eller knytt til artar som har fått/får ekstra fokus i ny lov om naturmangfald.*
- *Gamal kulturmark* Særleg fokus på område som er registrert med store natur- og/eller kulturverdiar.
- *Turstiar* Fylkesmannen ser det som viktig at kommunen arbeider med å få samanhengande turstiar med stor opplevingsverdi. Vi ønskjer også at kommunen prioritærer å utarbeide gode turkart.
- *Kulturlandskapstiltak* som størt opp under landbruksbasert næringsutvikling.

Kontaktperson: Nono Dimby

SMIL-midlar 2012	Tildeling 2012	Underforbruk og inndratte midlar 2011	Total ramme 2012
Tildelt kommunane 15.04.12	10 160 000,-	5 221 987,-	15 381 987,-
Avsett til gjerdeklývarar og ny tildeling den 15.10.2012	440 000,-		440 000,-
<b>Sum</b>	<b>10 600 000,-</b>	<b>5 221 987,-</b>	<b>15 381 987,-</b>



## Vinterskade på eng – tal for 2011 og fristar for 2012

**Ein ny vekstsesong nærmar seg og tida er inne for å melde frå om eventuelle vinterskadar på eng. 2011 blei eit spesielt år med uvanleg mange skadar på eng. Aldri før har ein så stor del av erstatningsutbetalinga for vinterskade på eng gått til Rogaland.**

Ordninga med erstatning for vinterskade på eng skal redusere økonomisk tap som skyldast klimatisk forårsaka produksjonssvikt som det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Historiske tal viser at Rogaland har hatt få utbetalingar etter denne ordninga, men året 2011 skil seg ut. Dette året var prega av ein uvanleg kald vinter kor spesielt isbrann førte til mykje skade på eng i fylket.

Oppdaterte tal viser at det har blitt utbetalt nærmare 1,7 mill.kroner i erstatning til Rogaland for vinterskade på eng i 2011. Dette utgjer 37 % av den totale utbetalinga for 2011, og Rogaland er dermed det fylket som har fått utbetalt den høgaste erstatningssummen etter denne ordninga. Til saman har Fylkesmannen behandla rundt 200 søknader om erstatning for vinterskade på eng i 2011.

Denne vinteren har vore meir normal, og det er truleg lite vinterskadar inneverande år. Fylkesmannen vil likevel understreke at dersom nokon skal søkje om erstatning for vinterskade på eng, må det meldast frå om dette til kommunen i god tid før utbetring, slik at kommunen kan kontrollere arealet. Dette er eit krav for å få utbetalt erstatning. Det er også eit krav at enga blir utbetra før søknad om erstatning kan sendast til kommunen, slik at den kan gje avling same år. Utbetring må skje før 15. juni og sjølve søknadsfristen er 15. juli.

Kontaktperson: Birger Aasland



Foto: Nono Dimby



Foto: Arne J. Lyshol

## Meir av BU-midla i Rogaland til tradisjonelt landbruk

**9. mars sendte Fylkesmannen brev til Innovasjon Norge Rogaland (IN) om forvalting av dei regionale BU-midlane for 2012.**

Saman med dei nasjonale dokumenta, gir Regionalplan for landbruk dei viktigaste føringane for bruken av desse midlane. Hadle presenterte brevet på møtet IN arrangerte på Måltidets hus den 28. mars, der også IN informerte om policy for bruk av midla.

Ramma for investeringstilskot i Rogaland er auka med 2,3 mill frå 2011 til 2012. Ramma er kr 33 mill i tilskotsmidlar og kr 67,4 mill i rentestøtte. I brevet blir det lagt til grunn at minst 75 % av midla skal prioriterast til det tradisjonelle landbruket, mot 70 % i 2011. Distrikta, grovfôrbasert husdyrhald og miljømessig berekraft skal prioriterast. Også i 2012 har det ein klar distriktsprofil i forvaltinga av BU-midlane, ved at 70 % av tilskotsmidlane og rentestøtta bør løvvast utanom dei sentrale områda på Jæren.

Løvvingsbrevet blei lagt fram for styret i IN den 11. april 2012, saman med endeleg [policy for prioritering av bedriftsretta BU-midlar for IN](#).

Saman med løvvingsbrevet har Fylkesmannen sendt eit nytt kriteriedokument om juletresatsing, der det m.a. går fram at ordninga nå er retta mot nyetablerarar. Meir informasjon, og sjølve breva, er [lagt ut på vår nettside](#).

Det er viktig at kommunane som førsteinstans er godt kjende med dei aktuelle strategidokumenta, og kan bidra aktivt til at midla blir nytta til dei beste prosjekta.

## Regionale verkemidlar til forsking, utvikling og innovasjon

**Ordninga blir kalla VRI og det er Rogaland fylkeskommune som har hovudansvaret for Forskningsrådet si satsing på forsking og innovasjon i regionane.**

VRI Rogaland tilbyr fagleg og finansiell støtte til langsigktige, forskingsbaserte utviklingsprosessar i regionen. VRI skal bidra til å vidareføre, styrke og fornye det gode samhandlingsklimaet som er etablert mellom FoU og kompetansemiljø, verksemder og offentlege styresmakter.

VRI-satsinga i Rogaland fokuserer på innsatsområda energi, mat, helse og maritim verksemd.

Arbeidet med VR - mat handlar om å fange opp utfordringar som primærprodusentane står ovafor, for så å kople dei til det rette FoU-miljøet. Og motsatt, at FoU eller det offentlege ser trendar og utviklingstrekk som det bør gjerast noko med.

Fylkesmannen er på fleire måtar ein aktiv partner i VRI Rogaland. Vi løyvar kvart år kr 600 000 av BU-midlane i tilskot til satsinga. Dette kan høyrast mykje ut, men for kvar krone som den regionale partnarskapen bidreg med, utløysar ei krone frå Forskningsrådet.

Anfinn Rosnes sit i styringsgruppa og Eli Munkeby Serigstad er ein av fleire kompetansemeklarar i VRI Rogaland. Kompetansemekling er eit av verkemidlane og det går ut på å vere eit bindeledd mellom primærprodusentane, forskings- og utviklingsmiljøa og det offentlege.

Gode døme på korleis VRI fungerar i praksis er:

### 1. Tidlegproduksjon av bringebær og jordbær

Dette starta som forprosjekt i VRI der Bioforsk blei kopla på to grupper med produsentar. Gartnerane sine utfordringar var mellom anna å få til rett gjødsling for å få ønska kvalitet. Forprosjekta er vidareført i hovudprosjekt finansiert gjennom Lokalmatprogrammet hos Innovasjon Norge.

### 2. Nye vekstar i ledige veksthus

VRI finansierte to dialogkonferansar i Ryfylke der Bioforsk informerte om kva som er mogleg å få til med nye vekstar. Dette har resultert i eit VRI-forprosjekt der ei gruppe gartnerar bidreg med veksthus og eigeninnsats og kor Bioforsk har prosjekt-ansvaret for ein prøveproduksjon av ulike vekstar.

## 3. Smaksagurk

Bioforsk har drive med forsking på tomat og på samanhengen mellom dyrkingsmetodikk og smak. Metoden blir no brukt på agurk. Ei gruppe agurk-dyrkarar står som eigrarar av eit VRI-forprosjekt, og det er Bioforsk som har ansvaret for utprøving og oppfølging av dyrkarane.

**Fylkesmannen sitt mål for 2012 er å komme i sterkare inngrep med andre produksjonar og FoU-miljø, slik at vi får eit taktskifte i utviklingsarbeidet innan mat – og måltidsnæringa i Rogaland, særleg innan dei tradisjonelle produksjonane.**

Men for å få til dette, må informasjonen om midlane og korleis oppbygginga av FoU-prosjekt kan utviklast ut til dei det gjeld. Me vonar at landbrukskontora kan hjelpe til å fange opp moglege prosjekt, anten frå den eine eller den andre kanten.

Ta kontakt med Eli M. Serigstad.

For meir informasjon sjå [www.vri.rogfk.no](http://www.vri.rogfk.no)



Foto: Arne J. Lyshol



Foto: Nono Dimby

## Landbruksstatistikk for kvar kommune

På vår nettside [Utsyn over Rogalandbruket](#) finn du statistikk over landbruket i vårt fylke. Her ligg det no også [kommuneark](#) med tal frå alle kommunar i Rogaland for åra 2000 og 2010. Dei inneheld tal bruk, dyr, dekar og avling. Det er også tal over arealgrunnlaget i dei ulike kommunane. I tillegg finn du også statistikk over skogbruk, som t.d. skogareal, avverking med meir. Det er også laga eitt ark for Rogaland og eitt for Noreg totalt med dei same opplysningane som kan nyttast for samanlikning.

Kontaktperson: Aart Magnussen

## Sikre ny skog etter hogst

Resultata frå den ordinære og ekstraordinære kontrollen på planting etter hogst, viser at berre 18 % er tilfredstillande forynga av eit totalt kontrollareal på i alt 1620 dekar. Resultata viser og at relativ store areal (47 %) går ut av skogproduksjon.

Ei viktig oppgåve med høg prioritet for landbruksforvaltninga i kommunane blir å sikre ny kvalitets-skog etter hogst. Oppslag av ugras/ukrut er ofte ei utfordring på store delar av desse høgproduktive areala. Det er difor viktig å sikre gode rutinar for oppfølging av alle hogstar i kommunen. Her er det planter i jorda som tel.

For å lukkast med etableringa og sikre ein optimal produksjon, må også arealet følgjast opp med ungskogpleie og etterkontroller.

Vi ser og at svært gode areal og store areal ligg brakk etter 3 år med verken ein tilfredstillande jord- eller skogproduksjon. Desse areala må også følgjast opp med gode rutinar, for å sikre at arealet faktisk blir omdisponert til dømes til jordbruksformål. Her gjeld også fristen på 3 år, som hovudregel, for å få dette sett i tilfredstillande produksjon.

Kontaktperson: Stein Bomo

## Samla plantefeltkontroll 2011 i dekar (87 hogstflater)

